

Framlegg til tillegspunkt 5 fra Lars Barstad (V), Marit S. Jøssang (KrF), Åshild Aamli (Sam), Sølvi Knudsen (Sp), Rolf Hansen (Ap) og Nils Marton Aadland (H):

Meland kommunestyre viser også til vedtak i Lindås kommunestyre i sak 69/14, og vil spesielt peike på pkt 7. i vedtaket, der det heiter:

*«Ut ifrå nytteprinsippet ser Lindås at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune».*

Meland kommunestyre vil minne om at Meland er den kommunen i Hordaland med størst prosentvis folkeauke. Dette biletet vil etter alt å døma halda seg også i åra som kjem.

I følgje prognose frå Hordaland fylkeskommune (nr.1-2014) vil kommunane i Nordhordland få ei samla folkeauke på 10.148 fram til 2031. Nær halvparten av den veksten (4.634) vil i følgje prognosa koma i Meland kommune.

Det er særsviktig at vegnettet i kommunen er rusta til å møte den trafikkveksten dette vil medføre. Meland kommunestyre meiner det er avgjerande viktig å utbetre vegstrekka mellom kommunesenteret Frekhaug og områdesenteret på Vikebø.

Den udisponerte restpotten i Nordhordlandspakken (100 mill. kr.) må i all huvudsak setjast av til å utbetra vegstrekninga Fløksand (Brakstadkrysset) - Vikebø (Fv 564) til tofelts standard. Denne parsellen er smal og til dels uoversiktleg. Det har skjedd fleire alvorlege ulukker her, også med tap av liv.

Nytteprinsippet i Nordhordlandspakken blir også betre ivaretatt ved å legge inn dette viktige prosjektet.

Ein må vurdere rekkjefølgja på prosjekta Fv 564 - Sandskaret-Holme opp mot Fv 564 Fløksand-Vikebø, jfr. revisjon av Nordhordlandspakken i 2018.